



Sakshandsamar:

Torbjørn Hasund
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no
Tlf: 57 65 62 73

Vår ref.

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

Dykkar ref.

Møtereferat - planforum 20.01.2016

Stad: Videomøte. FH Åskora, SA Hafstad,
Fiskeridirektoratet Vest Måløy

Referent: Torbjørn Hasund

Regional planstrategi – møte med regional stat

Møtte: Hanne Marie Utvær – Fiskeridirektoratet (via telefon/video), Nils Erling Yndesdal, Sigrid Ølmheim (miljø / plan), Kristin Skogli (helse / sosial), Bodil Cirotzki (utdanning), Kåre Træen (økonomi) – Fylkesmannen, Ann Kristin Nes, Dina Lefdal – Statens vegvesen, Knut Steinar Eitungjerde – NAV, Jan Atle Stang – NHO, Rasmus Stokke – HiSF, Ingebjørg Erikstad, Eva Moberg - FK kultur, Ole Ingar Hagen Hæreid – FK samferdsle, Tor-Einar Holvik Skinlo – FK opplæring, Svein Arne Skuggen Hoff, Annlaug Kjelstad, Dagfinn Torkildsen, Torbjørn Hasund - FK plan og samfunn

Oppsett for dagen

- 09. 00 Velkommen v/fylkesdirektør Svein Arne Skuggen Hoff
- 09.15 Presentasjon av deltakarane
- 09.25 Innleiing v/fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal
- 09.40 Utfordringane og målet om innspel i møtet med status for arbeidet/prosess
- 10.00 Innspel frå alle deltakarane
- 11.15 Oppsummering og avslutning v/fylkeskommunen

Svein Arne Skuggen Hoff ønskte velkommen og introduserte opplegg for dagen. Presenterte prosessen så langt. Presentasjonsrunde av deltakarane.

Nils Erling Yndesdal – «Samarbeidsfylket Sogn og Fjordane»

- Nasjonale føringar og forventningar – dokumentet Nasjonale forventningar, skilnad mellom første og andre dokument (Solheim i 2011, Sanner i 2015). Sanner:
 - Gode effektive planprosessar
 - Berekraftig areal og samfunnsplanlegging
 - Attraktiv og klimavenleg planlegging
- Om arealplanstatus
- Om ulike samarbeidsforum i fylket
- Samhandling som strategi for å kome dit ein vil
- Om statlege reformer – einaste offentlege etatar som har reine fylkesgrenser no er NAV, FM og FK.

- Utgreiing av fylkesmannstrukturen. 3 ulike modellar vert lagt til grunn for utgreiingane. Hovudtrekka i fylkesmannsrolla skal liggje fast, men ønskjer å fremje samordningsrolla.
- Strukturendringar – kva vert krevd av oss. Profilerer fortrinna våre, «Samarbeidsfylket Sogn og Fjordane»

Kåre Træen - om kommunesamanslåing

- 9 samanslåingsprosjekt, fleire av desse går over fylkesgrensene. Desse prosjekta er også meir komplisert fordi det då også betyr endring av fylkesgrenser. Det vert jobba med utgreiingar på kva dette vil bety for innbyggjarane og tenestetilbodet. 25 av 26 kommunar er med i utgreiingar, Luster kommune er ikkje med i noko utgreiingsprosjekt.
- utfallet av desse prosjektet vil ha konsekvensar for framtidig planlegging på fylkesnivå

Svein Arne Skuggen Hoff. Kva er utfordringane og kva må til for å skape ynskt utvikling?

- Utfordringane for fylket:
 - Folketalsutviklinga
 - Globalisering
 - Kunnskapssamfunnet
 - Klima
- Viste prognose for befolkningsendring 2015 – 2014, og ulike statistikk knytt til det (ungdom, eldre, kvinner)
- Kompetansesamfunnet – korleis jobbar vi med det systematisk i dei neste 4 åra. Korleis utviklar vi kunnskapssamfunnet vidare.
- Klima – vi må erkjenne konsekvensane. Fylket må gjennom ei klimaomstilling – FK har fått midlar til prosjektet - samarbeid med HiSF. Nemnde hydrogenprosjektet.
- Kva for planar og strategiar kan vi møte utfordringane med.
 - Regionforstørring
 - Bygdeutvikling / lokal samfunnsutvikling
 - Regionale tematiske planar
 - Interkommunale / geografisk avgrensa planar
 - Sett av strategiar som gir føring for aktørane

Det vart gjennomført ei runde der alle deltakarane blei utfordra til å kome med synspunkt på regional utvikling. Diskusjon.

Oppsummering av diskusjon

- Yrkesdeltaking og fullføring av VGO er eit mål i seg sjølv
- Uvanleg situasjon med migrasjon og aukande arbeidsløyse
- Aukande del unge i fattigdom
- Integrering/inkludering – språk/skule/jobbb/fritid
- Samferdsle og bygging av infrastruktur/breiband, viktig verkemiddel
- Næringsutviklinga er avhengig av utdanning i regionen
- Må tilpasse utdanninga til den framtidige utviklinga
- Styrke mangfald av tilbodet på arbeidsplassar i regionar
- Må jobbe breitt med attraktivitet
- Møte sentraliseringa ved å utvikle sterke regionsenter